



Plan og byggesak  
Are Frøysland Grande  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5311 - 21/47257

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
30.06.2021

## **Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon frå LNF-føremål til bygging på - gbnr 138/18 Tveiten øvre**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF- føremålet i kommuneplan for Knarvik-Alversundmed Alverstraumen 201 9-2031 (KDP) i samband med planlagt etablering av einebustad på gbnr. 1 38/18

Omdisponeringsløyve etter jordlova skal vera tatt stilling til den gongen tomten vart frådelt, og det er difor ikkje naudsynt med ny behandling no. Gardskartet syner at arealet er overflatedyrka jord, sjølv om arealet i praksis er omdisponert til andre føremål. Kartet vert ikkje endra før arealet vert bygd på. Landbruk uttaler seg difor ikkje om arealbruken på sjølve tomten, men korleis nedbygging av denne kan påverka området rundt.

I høve til landbruksinteresser er det uheldig at det vert bygd på tomter som ligg inne i eit større samanhengande jordbruksareal med omsynssone landbruk. Søkjar påpeikar at arealet er grunlendt, kupert og difor ikkje den beste jorda og at det allereie ligg fleire spreidde bustader der, Dette stemmer, men tomten ligg som ein kile inn i jordbruksareal i drift, og det er ikkje ynskjeleg å ha bebyggelse så tett på jordbruksarealet. Tomten er i tillegg ein del av eit samanhengande kulturlandskap som strekk seg over fleire bruk, og som ein bør ta vare på.

Alversund er eit pressområdet og det er difor god grunn til å halda seg til vedtekne arealplanar. Landbruksavdelinga rår frå at det vert gjeve dispensasjon.



Skråfoto frå omsøkt tomt.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Plan og byggesak

Postboks 4

5906 FREKHAUG